

## Soljakt før solsnudagen

21.12.2006



Solstref høgt over Musland like før solsnu. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**”Vintersolverv” står det på fredag 22. desember i den sjuande sansen vår. Det spelar eigentleg ikkje så stor rolle for dei som bor i dei sentrale delar av Uskedalen: Dei ser ikkje sola likevel denne dagen, for den er borte frå seks veker før solsnu til seks veker etterpå. Men dagen før dagen er likevel noko for seg sjøl, for den byr på fint ver og sol.**



Sola gyller skyane over Englafjell 21. desember 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Så fint har det ikkje vore på eitpar månader og uskedalen.no finn det naturleg å dra på soljakt andre stader. Til grunn for ekspedisjonen ligg informasjonen om at sola denne torsdag vil dukka opp klokka 9.37 og gøyme seg att klokka 15.33. Men vi vil ikkje gjera det enkelt for oss ved å dra til Rosendal eller Husnes, for det er ikkje ”mørketid” alle stader i Uskedalen heller. Oppe i dalen ser dei sola også på denne tida – meir eller mindre frå Musland og oppover.



Anita Miljeteig ventar på sola som ikkje

- Vi har to timar sol no på denne tida, kan familien Miljeteig på Friheim fortelja.  
- Ho kjem opp over Asaredalen og forsvinn bak Nåso etter visitten sin. I år var det vore håplaut også her, det har berre regna og vi har ikkje sett sola sidan seinhaustes. Men vanlegvis er det ikkje berre oss, men også andre som set pris på solvisitten. Mange kommer for å gå turar med Fjellandsbø som utgangspunkt – for å få litt sol på seg. Også nedover i Musland-grenda har dei vintersol, men ikkje så lenge som her oppe hos oss.

bryt heilt igjennom. (Foto: Ola Matti Mathisen).


- Men om sommaren har dykk ikkje sol så lenge som folk nede ved fjorden?
- Nei, om sommaren forsvinn ho bak den mektige Høgetinden halv sju om kvelden, men ho kjem att på den andre sida av Nåso klokka halv ni. Då får vi kveldssol i ein time, fortel Friheim-folket og myser mot sola – eller rettare sagt mot den staden der dei veit at ho er.

For sjølv på Friheim bryt ho ikkje skikkeleg igjennom medan vi er der. Ho er gøymd bak lette tåkeskyar. Men det varar ikkje lenge før ho gyllar det mektige Nåso-massivet og liene ovanfor både Musland og Kjærland. Og når vi kjem nedatt til fjorden, badar bo Melderskin og den øvste delen av Snilstveitøy i lys. Det er eit syn vi ikkje har sett på lenge.

Det gjer godt å sjå at ho er der, den livgjevande stjerna.

Kanskje burde også uskedalingane halda ein liten solfest når ho kjem att, slik dei gjer andre stader der det også er mørketid?

Av Ola Matti Mathisen



Sola gyller Nåso 21. desember 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen).